

Til mottakarar på adresselista

Leikanger, 16.12.2022

Vår ref. 638766-01


Varsel om oppstart av planarbeid

Detaljregulering for Åfjorden båthamn, Hyllestad kommune.

13. januar 2022 varsla Stracon AS, på vegne av Åfjorden båtlag, oppstart av planarbeid for ny småbåthavn. Hyllestad kommunestyre gjorde i sak 22/050, den 16.06.2022, vedtak om at kommunen skulle gjennomføre planarbeidet og køyre ein ny planprosess, uavhengig av tidlegare prosesser. Med bakgrunn i dette vert det på ny varsla om oppstart av planarbeid med detaljregulering for Åfjorden båthamn i Hyllestad jf. §§ 12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova (pbl). Asplan Viak AS gjennomfører planarbeidet på vegne av Hyllestad kommune, planarbeidet er også i samråd med Åfjorden båtlag. Det er halde oppstartsmøte med kommunen.

Planområdet

Området som skal regulerast ligg i Sørbøvågen i Hyllestad kommune. Planområdet strekker seg frå Hamneparken i vest, langs neset og vidare austover i Sørbøvågen. Sjå kart under. Varsla planområde er på om lag 50 daa, der 40 daa er sjøområde og 10 daa er land. Landområde omfattar eigedomane gbnr. 32/2 og 5, 34/45, 32/48 og 32/58.



Figur 1: Planavgrensing er vist med blå strek.

I området er det etablert ein daglegvarebutikk, ein bensinstasjon, småbåthamn og hamnepark med ballbaner (sand), leikeapparat, rasteplass og badeplass.

Føremålet

Hyllestad kommune ynskjer, i samarbeid med Åfjorden båtlag, å utarbeide ein detaljregulering som legg til rette for ny småbåthamn med ca. 60 båtplassar. I sjøen er det ynskje om å legge til rette for ny molo og bølgjebrytar. På landdelen av planområdet skal det leggjast til rette for parkeringsplassar for både eksisterande og nye funksjonar, vegtilkomst og nokre mindre båtoppstillingsplassar til mellombels bruk. Det kan også vera aktuelt å legge til rette for mindre naust-bygg /sjøboder som lagerfunksjon til båthamna.

Planstatus

I kommuneplanen sin arealdel er delar av planområdet sett av til sentrumsføremål, men underlagt omsynssone «område unnateke frå rettsverknad». Dette betyr at det er [områdereguleringsplan for Sørbøvåg](#) (plan-ID 2004002) som er gjeldande plan. I gjeldande plan vert fylgjande formål berørt av ny plan: Parkering, vegareal, friområde og friluftsområde, naust, småbåtanlegg, småbåthamn, friluftsområde i sjø, hamneområde i sjø og låssettinqsplassar.

Den delen av planområdet som er styrt av kommuneplanen sin arealdel er avsett til vassareal til ålment fleirbruk.




Fig. 2. Gjeldande områdereguleringsplan for Sørboevåq. Planområdet lokalisert med svart stipla linje.

Konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert til å ikkje verte fanga opp av verkeområdet til forskifta om konsekvensutgreiingar, og kommunen har sluttat seg til vurderingar jf. referat frå oppstartsmøtet. Vår vurdering er at planframlegget er i samsvar med intensjonane i overordna plan og at det vil vera tilstrekkeleg å belyse verknadar av tiltaka planframlegget opnar for gjennom grundige vurderingar og skildringar i planomtalen. Sjå eige notat med KU-vurdering for meir informasjon, notatet ligg som lenkje på heimesida til Hyllestad kommune under «Kunngjeringar».

Innspel til planarbeidet

Innspel som kan ha verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast skriftleg til Asplan Viak AS, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger, eller via e-post til Turid.Brekke@asplanviak.no

Frist for innspel til planoppstart er sett til 27. januar 2023.

Alle mottekte dokument vert oppsummert, kommentert og sendt til Hyllestad kommune saman med planframlegget. Meir informasjon om planarbeidet vert lagt ut på [heimesida til Hyllestad kommune](#) under «Kunngjeringar». Her ligg også lenkje til referat frå oppstartsmøte og KU-vurdering.

Vidare planprosess

Arbeidet er i oppstartsfasen. Vi er i gang med å samle inn opplysningar om planområdet.

Når vi har utarbeidd eit komplett planframlegg vert det levert til 1. gong handsaming hjå kommunen. Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn når kommunen finn framlegget tilfredsstillande. Det er formannskapet som vedtar at planframlegget kan leggast ut til offentleg ettersyn og høyring i 6 veker. I høyringsperioden kan rørde partar kome med merknader. Når høyringsperioden er slutt vert planframlegget eventuelt justert, og til slutt levert til 2. gong handsaming hjå kommunen. Då vert planframlegget først handsama av formannskapet og til slutt kommunestyret som skal gjere det endelege vedtaket.

I løpet av planprosessen og før planframlegget vert levert til 1. gongs handsaming vil Hyllestad kommune og plankonsulent invitere til eit folkemøte for å drøfta planframlegget og hente inn synspunkt.

Det er forventa at planframlegget vert levert til 1.gongs handsaming haust 2023.

Med venleg helsing
Asplan Viak AS

Turid Kristine Brekke

Sivilarkitekt/arealplanleggjar
Telefon 92228593
E-post turid.brekke@asplanviak.no

Mottakarliste:	
Namn	Adresse/e-post
Offentlege instansar	
Statsforvaltaren i Vestland	sfvlpost@statsforvalteren.no
Vestland fylkeskommune	post@vlfk.no
Statens vegvesen	firmapost@vegvesen.no
NVE region	nve@nve.no
Kystverket vest	post@kystverket.no
Fiskeridirektoratet	postmottak@fiskeridir.no
Direktoratet for mineralforvaltning	post@dirmin.no
BKK AS	firmapost@bkk.no
Grunneigarar	
SØRBØVÅG BÅTLAG	6958baatlag@gmail.com
GIIL MAGNUS M(død) v/ATLE MAGNUS GIIL	ÅFJORDVGEN 936, 6958 Sørbøvåg
SØREBØ JOHANNES v/Turid A. Sørebø	HELLEV. 230, 5039 Bergen
NORDBØ ROAR	ÅFJORDVEGEN 891, 6958 Sørbøvåg
SØRBØVÅG SENTER AS	Postboks 14, 6958 Sørbøvåg
NORDBØ FRANK	ÅFJORDVEGEN 191, 6958 Sørbøvåg
SYSTAD AUDUN	ÅFJORDVEGEN 881, 6958 Sørbøvåg
SYSTAD KARI NORDBØ	ÅFJORDVEGEN 881, 6958 Sørbøvåg
NAPSHOLM ELSE NORBJØRG	ÅFJORDVEGEN 879, 6958 Sørbøvåg
DALTVEIT ANNE K NESJE	HØGSETEVEGEN 15, 5244 Fana
POHL ANDREA CHRISTINE	Åfjordvegen 871, 6958 Sørbøvåg
POHL DETLEF	Åfjordvegen 871, 6958 Sørbøvåg
EIDE GRETHER-LILL	GRYTINGSVEGEN 35, 5780 Kinsarvik

EIDE STIAN	RUSTAD 2F, 6810 Førde
MYRVOLL MILDRED M SALBU	JONSTAD 10, 6817 Naustdal
BYGSTAD BIRGER	Åfjordvegen 863, 6958 Sørbøvåg
MEIER IDA	Åfjordvegen 863, 6958 Sørbøvåg
SELLEVOLL HALDIS	ÅFJORDVEGEN 859, 6958 Sørbøvåg
HATLEM GEIR HENNING	ÅFJORDVEGEN 851, 6958 Sørbøvåg
LUND KRISTIN MALENE	ÅFJORDVEGEN 851, 6958 Sørbøvåg
VARLID ERLING	ÅFJORDVEGEN 843, 6958 Sørbøvåg
KVERHELLEN MARITA	Åfjordvegen 279, 6958 Sørbøvåg
REFSNES RITA VEIESUND	LEIRVÅGGATA 45, 6900 Florø
REFSNES TORE	LEIRVÅGGATA 45, 6900 Florø
ULVIK BENTE KARIN	ÅFJORDVEGEN 856, 6958 Sørbøvåg
ULVIK BIRGER KNUT	ÅFJORDVEGEN 856, 6958 Sørbøvåg
ULVIK BJØRGE AVEDAL	ÅFJORDVEGEN 841, 6958 Sørbøvåg
HATLEM HÅKON ANDRÉ	ÅFJORDVEGEN 411, 6958 Sørbøvåg
SØRBØ UNNI	ÅFJORDVEGEN 862, 6958 Sørbøvåg
SØRBØVÅG EIGEDOM AS v/ODDMUND TORVUND (styreleiar)	Nedbergelien 9, 5178 Loddefjord
FIRDA BILLAG AS	Postboks 204, 6802 Førde
BJARNE AAL (død) v/ANNA BRITT AAL	Skifteveien 20, 9470 Gratangen
NORDBØ ALEK	Åfjordvegen 909, 6958 Sørbøvåg
FJORDKICK AS	Postboks 14, 6958 Sørbøvåg
SØREBØ INGA	ÅFJORDVEGEN 944, 6958 Sørbøvåg
NORDBØ MERETE HOLTEN	ÅFJORDVEGEN 891, 6958 Sørbøvåg
BERGE AUD	ÅFJORDVEGEN 1170, 6958 Sørbøvåg
LIEN SØLVE ANDRE	ÅFJORDVEGEN 877, 6958 Sørbøvåg
OFFERDAL ELISABETH	ÅFJORDVEGEN 877, 6958 Sørbøvåg
LIEN IRENE	ÅFJORDVEGEN 875, 6958 Sørbøvåg
LIEN OLAV JOHAN	ÅFJORDVEGEN 875, 6958 Sørbøvåg
FRETO EIGEDOM AS c/o Fred Åge Hyllestad	post@finio.no